

## MILJØID – TILGANGSBEVIS PÅ MILJØSTASJONANE



Privatpersonar kan laste ned MiljøID-appen enten frå Google Play eller AppStore. Dersom ein står som tinglyst eigar av ein eigedom vil eigdommen dukke opp i appen. Tinglyst eigar kan dele tilgang til eigdommen med andre inni appen

Dersom ein ikkje har moglegheit til å laste ned MiljøID-appen kan ein ta kontakt med SIMAS for å få tilsendt fysisk tilgangskort. Første kort til dei som betalar renovasjonsgebyr (private) er gratis. Dersom ein ynskjer fleire enn eitt kort kostar det kr 200,- per kort. Kortet følgjer eigdommen.

Leiger du bustad må du ta kontakt med utleigar som enten må dele tilgang med deg i MiljøID-appen eller dele fysisk tilgangskort med deg. Utleigar (tinglyst eigar) må ta kontakt med SIMAS for å få tilsendt fysisk tilgangskort.

Bedrifter/kommunar som betalar renovasjonsgebyr og til dømes leiger ut bustad må ta kontakt med SIMAS for å få brukartilgang til MiljøID-appen. Den ansvarlege i bedrifta vi då få tilsendt ein aktiveringskode på epost.

Når ein har lasta ned appen og logga inn med BankID, klikker ein på "+ Legg til ny eigedom" og skriv inn aktiveringskoden der.

Deretter kan bedrifta dele tilgang med leigetakar inni appen. Bedrifta må sjølv passe på å fjerne tilgangen inni MiljøID-appen dersom leigetakar flyttar.

Om ein ynskjer fysisk tilgangskort kan bedrifta ta kontakt med SIMAS for å få tilsendt dette. Første kort er gratis.

Andre næringskundar må ta kontakt med SIMAS for å få brukartilgang til MiljøID-appen. Dersom næringskundar ynskjer kort i stadenfor/i tillegg til app må dei ta kontakt med SIMAS. Fysisk tilgangskort for næring kostar kr 200,- per kort.

For meir informasjon: <https://www.simas.no/miljø-id>